

Klepp har fått eigen folkehelseprofil

Forventa levealder er noko høgare i Klepp enn landsgjennomsnittet. Hjarte- og karsjukdommar ser ut å vera mindre utbreidt enn elles i landet, vurdert etter antal behandla pasientar i sjukehus. Det er og færre som bruker legemiddel mot psykiske lidingar som angst og depresjon og færre som har type 2- diabetes (30-74 år) enn landsgjennomsnittet.

Dette er positivt. Når det gjeld levevaner, har vi ikkje tal på overvekt ennå, mens røyking syner at vi ligg nær landsgjennomsnittet, vurdert etter gravide som røyker ved første svangerskapskontroll.

Færre personar blir lagde inn på sjukehus på grunn av ulykker enn elles i landet. Etter som vi er eit Trygt lokalssamfunn og har arbeidd med førebygging av ulykker i ei årrekke, er det positivt, men og forventa at vi skal ligga på rette sida av streken på dette området.

Av utfordringar, viser det seg at det er færre som fullfører vidaregåande skule og at trivselen i skulen er lågare enn elles i landet (10.klassingar).

Det er Nasjonalt Folkehelseinstitutt som har utarbeidd profilen. Folkehelseprofilen skal gi oversikt over helsetilstanden i befolkninga og syna kva faktorar ein kan påverka.

Les meir om folkehelseprofilen til Klepp her:
<http://khp.fhi.no/PDFVindu.aspx?Nr=1120&sp=2>

Kleppe 19.01.2012

Ragnhild Aanestad
Folkehelsekoordinator